

DNMI

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT

klima

AUTOKORRELASJON I NEDBØR OG TEMPERATUR.

EIRIK J. FØRLAND OG PER ØYVIND NORDLI

RAPPORT NR. 11/93 KLIMA



DNMI-RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO

TELEFON: (02) 96 30 00

ISBN

RAPPORT NR.

11/93

DATO

15.04.93

TITTEL

AUTOKORRELASJON I NEDBØR OG TEMPERATUR

UTARBEIDD AV

Eirik J. Førland

Per Øyvind Nordli

OPPDRAKSGJEVAR

Vassdragsregulantenenes forening

Det norske meteorologiske institutt

SAMANDRAG

Det er gjennomført autokorrelasjonsanalyse for lange nedbør- og temperatur-seriar både på basis av månader, årstider og heile år.

Korrelasjonskoeffisienten for middeltemperatur mellom nabomånader er signifikant dei aller fleste stader i landet med verdiar opp til 0,6. Tilsvarande korrelasjonar for månadsnedbøren er lågare. Berre i tidsrommet januar til april er korrelasjonane større enn 0,2-0,3 for større område i landet.

I analysen er det rekna ut korrelasjonar både med føregåande månad og opp til 5 tidssteg attende i tid.

UNDERSKRIFT

Per Øyvind Nordli
.....

Per Øyvind Nordli
SAKSHANDSAMAR

Bjørn Aune
.....

Bjørn Aune
FAGSJEF

INNHALD

Autokorrelasjon i nedbør og temperatur.

FØREORD	2
1. INNLEIING	3
2. METODE	4
3. TEMPERATUR	7
3.1 Geografisk variasjon, 1 tidssteg	7
3.2 Geografisk variasjon, 2 tidssteg eller meir	13
3.3 Variasjon gjennom året	14
3.4 Langtidsvariasjon	17
4. NEDBØR	24
4.1 Geografisk variasjon, 1 tidssteg	24
4.2 Geografisk variasjon, 2 tidssteg eller meir	29
4.3 Variasjon gjennom året	32
4.4 Langtidsvariasjon	34
5. OPPSUMMERING	39
6. LITTERATUR	40
APPENDIKS 1	41
APPENDIKS 2	44
APPENDIKS 3	47

FØREORD.

Denne rapporten gjev ei oppsummering av arbeidet med autokorrelasjonar som er gjort i prosjektet "A-176 Analyse av lange nedbørserier". Dette er eit prosjekt som Det norske meteorologiske institutt (DNMI) har gjennomført for Vassdragsregulantenenes Forening (VR) i 1991 og 1992. I tillegg til analyse av autokorrelasjonar femner prosjektet ulike studiar av langtidsvariasjonar i nedbør og temperatur. Resultata frå dei andre delane av prosjektet er rapportert i andre publikasjonar.

Utanom løyvingane frå VR, har ein vesentleg del av prosjektet vorte utført som eigeninnsats frå DNMI si side.

For å få gjort det naudsynte rekne- og analyse-arbeidet i prosjektet, har det vorte lagt ned eit omfattande arbeid med programmering, køyring av ferdige program og utarbeiding av tabellar og underlagskart. Til dei siste to bolkane har vi hatt god hjelp av to tilsette ved Klima-avdelinga: Ein hjarteleg takk til Else Blakarstugun og Tove Langgård. Takk også til Jan-Erik Evnum for hjelp med å reinteikne kartfigurane.

1. INNLEIING.

Med dei kvantitative varsla DNMI gjev ut, er det mogleg for ulike brukarar som til dømes driftspersonale ved kraftverk å få kjennskap til sannsynleg utvikling av nedbør- og temperatur-tilhøve for opptil 5-10 døger framover i tid. Men for ein del føremål er det viktig å få prognosar for enda lengre tidshorisontar.

Førebels finst det ikkje varslings-modellar som gjev pålitelege prognosar for vêret i månader framover. I staden for prognosar for slike lange tidshorisontar nyttar brukarane ofte andre "metodar"; til dømes middelveidiar eller personlege meir eller mindre vitskapelege røynsle-reglar. Nokre av desse røynsle-reglane går ut på at eit avvik frå middel-verdien i ein måned har ein tendens til å gå att i etterfølgjande måned.

I denne rapporten vil vi sjå nærare på om det er nokon slik samanheng mellom avvik i etterfølgjande tidsbolkar. Som mål for slike samanhengar blir **auto-korrelasjonskoeffisientar** nytta, det vil seia korrelasjonskoeffisientar mellom etterfølgjande tidsbolkar eller tidssteg. Som tidssteg blir både månader, årstider og år nytta.

Autokorrelasjon eller "persistens" på døgnbasis har tidlegare vore nytta av DNMI i kvantitative meteorologiske prognosar (Førland & Lystad, 1982). Ved DNMI har det òg tidlegare vore gjort analysar av autokorrelasjon, og i ein rapport frå Norsk Regnesentral på oppdrag frå DNMI vart det konkludert med at det kunne vera mogleg å utvikle ein metode for statistisk prediksjon av temperatur for nokre månader framover i tid (Aldrin & Sæbø, 1990). Dette arbeidet vil bli følgt opp i 1993, der Norsk Regnesentral vil undersøkje om autokorrelasjon for tidssteg frå nokre få dagar og oppover kan nyttast til statistiske varslingsmodellar for temperatur og nedbør.

2 METODE.

Tidsseriane som vart brukte i denne granskinga er bygde opp av summar (nedbør) eller middel (temperatur) over like lange tidsrom. Avstanden i tid mellom kvart tidsrom, altså frå det tidspunktet summeringa eller midlinga startar til det tidspunktet ho sluttar, vil vi kalle eit tidssteg.

I tidsseriane har vi brukt ein månad som minste tidsoppløysing. Dermed set datamaterialet ein månad som nedre grense for lengda på eit tidssteg. Derimot er det mogleg å operere med lengre tidssteg enn ein månad ved å slå saman månader. I eit dataprogram som vart laga for autokorrelasjonsgransking, vart det som tidssteg brukt årstider og også heile år.

Sidan det var all grunn til å anta at autokorrelasjonen i tidsserien ville vera avhengig av årstid, vart verdiane lagt inn i ein todimensjonal matrise med indeks i for år og j for månad. Notasjonen $u_{i,j}$ tyder altså verdien (nedbørsummen eller temperaturmiddelet) for den j -te månaden i det i -te året.

Som mål for autokorrelasjonen i serien brukte vi korrelasjonskoeffisienten mellom verdiane åtskilde ved k tidssteg. Vi innførte notasjonen $r_{j,j-k}$ som tyder korrelasjonskoeffisienten mellom verdiane i serien for månaden j og verdiane i serien for månaden k tidssteg tidlegare. Dersom $j=3$ (mars) og $k=2$, får vi $r_{3,1}$ som tyder korrelasjonskoeffisienten mellom mars og januar. (Er $j-k \leq 0$, erstattar vi $j-k$ med $j-k+12$).

I dataprogrammet er korrelasjonskoeffisienten gjeven ved

$$(1) \quad r_{j,j-k} = \frac{\sum_{i=1}^n u_{i,j} u_{i,j-k} - n \bar{u}_j \bar{u}_{j-k}}{(n-1) s_j s_{j-k}}$$

der summeringa går over alle år, n , i serien og der

$$(2) \quad \bar{u}_j = \frac{1}{n} \sum_{i=1}^n u_{i,j}$$

$$(3) \quad s_j = \frac{\sum_{i=1}^n u_{i,j}^2 - n \bar{u}_j^2}{n-1}$$


er middelvei og standardavvik for månaden j .

Metoden vart også brukt til å finne autokorrelasjonen for heile år, likning (4).

$$(4) \quad r = \frac{\sum_{i=k+1}^n u_i u_{i-k} - (n-k) \bar{u}_1 \bar{u}_2}{(n-1-k) s_1 s_2}$$

der \bar{u}_1 er middelvei for dei $n-k$ første åra i serien og \bar{u}_2 for dei $n-k$ siste, tilsvarende for standardavvika s_1 og s_2 .

Det er mogleg å bruke ei t-fordeling til å avgjera signifikansen av korrelasjonskoeffisientar frå eit materiale av uavhengige observasjonar (Godske, 1962). Krava som blir stilte til korrelasjonskoeffisientane for at dei skal vera signifikante, er avhengige av det valde signifikansnivået og talet på fridomsgradar gjeve ved $n-2$, figur 2.1.



Figur 2.1 Kritiske verdiar for korrelasjonskoeffisienten i eit ikkje-korrelert univers.

Ein korrelasjonskoeffisient på 0,4 vil til dømes vera mykje signifikant ulik null dersom observasjonsrekkja er basert på 100 år med data, medan han ikkje er signifikant basert på 10 års data. Di høgre signifikansnivå som blir sett, di mindre sjanse vil det vera for at ein korrelasjon blir tolka som reell når han i røynda berre er uttrykk for tilfeldige variasjonar. Ved nivået 95 %, som ofte blir brukt, er sjansen for dette 5%. Ulempa ved å setja nivået for høgt, er at ein då sjeldan får signifikante resultat også i dei tilfella at det finst ein verkeleg korrelasjon.

Signifikanstesten har som føresetnad at data skal vera uavhengige, noko som ofte er ein tvilsam føresetnad når det gjeld meteorologiske data. Vi vil likevel anta at data er tilnærma uavhengige slik vi i hovudsak brukar data i denne rapporten, på månadsbasis og med få tidssteg. At det dreier seg om nær uavhengige data, følgjer av den måten utplukket skjer på.

Eksempel. Lat oss seia at vi arbeider på månadsbasis med eitt tidssteg og vil finne autokorrelasjonen i august. Data for den aktuelle stasjonen i juli og august blir då plukka ut. Frå august 1. året til juli 2. året er det 10 månader. Mellom august 2. året og juli 3. året er det også 10 månader osv. Avstanden i tid mellom kvart utplukk av data blir dermed stor nok til at vi finn det forsvarleg å gjennomføre testen som om det var uavhengige data.

Autokorrelasjon mellom månader kan brukast til å gje eit "langtidsvarsel" om nedbør og temperatur utover den perioden på 5 dagar som er rutine i den daglege vêrvarslinga. Ein nyttar då ut røynsle som seier at vêret i framtida ikkje er statistisk uavhengig av det vêret som har vore. Ved bruk av regresjonslikningar er den delen av variansen som blir forklart av regresjonen, σ_r^2 , gjeve ved

$$(5) \quad \sigma_r^2 = \sigma^2 r^2$$

der σ^2 er heile variansen.

Er til dømes korrelasjonen mellom middeltemperaturen i februar og januar, $r_{2,1} = 0,7$, forklarar temperaturmiddelet i januar halve variansen av middelet for februar. Men er til dømes $r_{2,1} = 0,3$, blir berre om lag 10 % av variansen forklart.

3. TEMPERATUR.

Ved hjelp av eit dataprogram laga for føremålet, vart autokorrelasjonsanalyse gjennomført på basis av månader, årstider eller heile år. Analysen vart gjort med tidssteg som varierte frå 1 til 5.

For at ein stasjon skulle bli med i analysen, vart det stilt som krav at han skulle ha ein dataserie på minst 50 år. Det førte til at vi kunne bruke data frå i alt 43 stasjonar, sjå appendiks 3. Nokre av desse stasjonane hadde data som gjekk vel 120 år tilbake i tid.

Sør-Noreg vart godt dekt av stasjonar med unntak av fjellstroka og Nord-Trøndelag. I Nord-Noreg var stasjonsgrunnet diverre altfor tynt til at isokurver for autokorrelasjon let seg dra opp på eit kart.

3.1 Geografisk variasjon, 1 tidssteg.

Autokorrelasjonen er definert ved formel (2). Tidsstega går bakover i tid slik at når vi til dømes snakkar om autokorrelasjon i januar i tilfelle eitt tidssteg, meiner vi korrelasjonen mellom desember året før og januar. Tilsvarende for to tidssteg meiner vi korrelasjonen mellom november året før og januar.

Tidssteg-lengd ein måned:


Januar, kart figur 3.1, korrelasjon desember/januar.

Korrelasjonen med desember er størst i austlandsområdet og det indre av Trøndelag og dessutan ved dei få stasjonane i Nord-Noreg som hadde lang nok serie til å kunne brukast i granskinga. I midtre og indre Vestlandet er korrelasjonen mindre enn 0,2 og ikkje signifikant. Sjølv i dei stroka av landet der autokorrelasjonen er best, forklarar desember-temperaturen berre om lag 10 % av variansen i januar.


Februar, kart figur 3.2, korrelasjon januar/februar. Over store delar av Sørlandet er autokorrelasjons-koeffisienten større enn 0,6. Dermed er 40 % av variansen i temperaturmiddelet for februar forklart av middelet i januar. Dette er den beste autokorrelasjonen som vart funnen utan omsyn til måned og stad i landet. Autokorrelasjonen minkar nordover og er mindre enn 0,3 i ytre strok av Trøndelag.

I Nord-Noreg er autokorrelasjonen overraskande låg. I Tromsø og på Finnmarksvidda er han ikkje signifikant. I Vardø har han ein signifikant verdi på om lag 0,3.


Mars, kart figur 3.3, korrelasjon februar/mars. Det som særmerkjer denne månaden er svake gradientar over heile landet. Autokorrelasjonen er om lag 0,4 med unntak av ei stripe langsetter Sørlandskysten og dessutan Vestfold/Østfold der han er større enn 0,5. For dette området forklarar månadsmiddelet i februar 25 % av variansen i mars.




Figur 3.1 Januar.



Figur 3.2 Februar.



Figur 3.3 Mars.




Figur 3.4 April.

April, kart figur 3.4, korrelasjon mars/april. Autokorrelasjonen minkar nordover frå om lag 0,5 ved Oslofjorden og delar av Sørlandskysten og når 0,3 sør for Dovre. Dei stasjonane som finst i Trøndelag og Nord-Noreg tyder på at autokorrelasjonen held seg på det nivået vidare nordover.


Mai, kart figur 3.5, korrelasjon april/mai. Autokorrelasjonen er jamt over låg i Sør-Noreg og gradientane er svake. Dei ser likevel ut til å vera jamt over større i aust (over 0,3) enn i vest (under 0,3).

I Nord-Noreg er autokorrelasjonen for dei fleste stasjonane litt betre. Høgast verdi har Vardø med 0,54.

Juni, kart figur 3.6, korrelasjon mai/juni. Månaden liknar svært mykje på mai, autokorrelasjon omkring 0,3 i Sør-Noreg. Gradientane er enno mindre enn i mai og isokurver let seg ikkje teikne. Også i juni er det noko betre autokorrelasjon i Nord-Noreg (omkring 0,4) enn i Sør-Noreg.



Figur 3.5 Mai.




Figur 3.6 Juni.


Juli, kart figur 3.7, korrelasjon juni/juli. Autokorrelasjonen er overraskande låg denne månaden i Sør-Noreg. Over heile Austlandsområdet og Trøndelag er han ikkje signifikant. I dei ytre kyststroka på Vestlandet er han i overkant av 0,3 og i Tromsø og Vardø nærare 0,4.

August, kart figur 3.8, korrelasjon juli/august. Situasjonen har endra seg radikalt sidan juli. Både i kyststroka på Nord-Vestlandet og på Sør-Austlandet er autokorrelasjonen over 0,5. Lågast er verdiane i Trøndelag og i eit samanhengande område over Dovre og dei indre fjordstroka på Vestlandet ned til


Jæren. Autokorrelasjonen er der under 0,4. I Nord-Noreg varierer autokorrelasjonen fra mellom 0,4 og 0,5 i Tromsø og Vardø til under 0,3 inne på Finnmarksvidda.




Figur 3.7 Juli



Figur 3.8 August




Figur 3.9 September.




Figur 3.10 Oktober.

September, kart figur 3.9, korrelasjon august/september. Det som særmerkjer månaden er at autokorrelasjonen er høgast i kyststroka i eit område frå Nord-Vestlandet rundt kysten heilt til Oslofjorden. Denne sona med noko høgre autokorrelasjon strekkjer seg også innover Austlandet. Til liks med Trøndelag er autokorrelasjonen i Nord-Noreg omkring 0,3.

Oktober, kart figur 3.10, korrelasjon september/oktober. Mønsteret liknar på september i det autokorrelasjonen er høgast i kyststroka frå Nord-Vestlandet sørover til svenskegrensa. Jamt over er månaden svært dårleg korrelert med september og over store delar av Sør-Austlandet og Vestlandet er autokorrelasjonen ikkje signifikant. I Nord-Noreg er han signifikant, om lag 0,3 ved dei få stasjonane som hadde lang nok serie til vårt bruk.



Figur 3.11 November.



Figur 3.12 Desember.

November, kart figur 3.11, korrelasjon oktober/november. Autokorrelasjonen er svært dårleg i mesteparten av landet. Over største delen av Sør-Noreg og dessutan Troms og Finnmark er det ingen signifikant autokorrelasjon. Størst er autokorrelasjonen i Trøndelag der han er over 0,3. Også ei stripe rundt kysten i Sør-Noreg har signifikant autokorrelasjon.

Desember, kart figur 3.12, korrelasjon november/desember. Trøndelag har ingen signifikant autokorrelasjon. Elles i landet er autokorrelasjonen signifikant. Han er liten jamført med dei andre vintermånadene, men likevel større enn om hausten.


Årstider eller år brukt som tidssteg:

Formel (1) i kapittel 2 kan også brukast når det gjeld **årstider**. Einaste skilnaden er då at j er indeks for årstider i staden for månader.

I dataprogrammet vart året delt inn i fire årstider, januar-mars, april-mai, juni-august og september-desember.

Januar-mars, korrelasjon sept.-des./jan-mars. Det ser ikkje ut til at autokorrelasjon har nokon tydeleg geografisk variasjon. Han ligg omkring 0,2 dvs. at han er om lag på grensa til å vera signifikant ved nivået 95%. Med så liten korrelasjon er det berre 4 % av variansen som kan forklarast av årstida før.

April-mai, kart figur 3.13, korrelasjon jan-mars/april-mai. Med unntak av somme stader i Nord-Noreg var korrelasjonskoeffisientane signifikante. Størst var dei langs ei kyststripe frå Jæren til Oslofjorden. På lange seriar som Ferder og Oksøy er korrelasjonskoeffisienten med årstida januar-mars tett opp mot 0,5.



Figur 3.13 Årstida april/mai. Korrelasjon januar-mars/april/mai.


Juni-august, korrelasjon april-mai/juni-aug. Autokorrelasjonen er signifikant over heile landet, om lag 0,2 med unntak av ei kyststripe frå Kristiansand mot Oslofjorden der han er høgre enn 0,3.

September-desember, korrelasjon juni-aug./sept.-des..

Autokorrelasjonen er jamt over mindre enn 0,2 og er dermed ikkje signifikant.

Heile året, kart figur 3.14, korrelasjon med året før.

Autokorrelasjonen vart rekna ut etter formel 4 i kapittel 2. I den sørlegaste halvdelen av Sør-Noreg, Trøndelag og Aust-Finnmark er autokorrelasjonen signifikant. Også der er verdiane så låge at berre mellom 5 og 10% av variansen blir forklart ved autokorrelasjon.



Figur 3.14 Heile året. Korrelasjon med året før.


3.2 Geografisk variasjon, 2 tidssteg eller meir.

Autokorrelasjon over meir enn 1 tidssteg viste seg stort sett å vera svært dårleg. I dei fleste månadene var han ikkje signifikant. I månadene februar og mars var det på mange av stasjonane svakt signifikante resultat.

April, figur 3.15, korrelasjon feb./april. Eit unntak frå den svake autokorrelasjonen fann vi i april, figur 3.15. Ved å kombinere figuren med figur 3.4 som er autokorrelasjonen i april med eitt tidssteg, kjem ein fram til heller uventa resultat: Autokorrelasjonen for 2 tidssteg er monaleg høgare enn for 1 tidssteg. Med andre ord: Middel-temperaturen for februar ville vore eit betre prognosegrunnlag for middeltemperaturen i april enn middeltemperaturen i nabomånaden mars.

Autokorrelasjonen varierer geografisk frå over 0,6 i kyststrok på Sørlandet opp til eit område i Stryn/Ottadalen der han

ikkje er signifikant. I Trøndelag og Nord-Noreg er han signifikant på dei få stasjonane som er med i granskinga. I Troms og Finnmark ligg verdien mellom 0,3 og 0,4.





Figur 3.15 April. Korrelasjon for to tidssteg, dvs. februar/april.

3.3 Variasjon gjennom året.

Variasjonen over året kan lesast ut av figurane 3.16 a-g. Dei tre første diagramma omfattar stasjonar på Sør-Austlandet (Oslo), Sørlandet (Oksøy) og Sør-Vestlandet (Utsira). Desse stasjonane ser ut til å falle inn i same mønsteret kjenneteikna ved gode autokorrelasjonar på ettervinteren (februar-april) og seinsommaren (august-september). Utanom desse tidene er autokorrelasjonane dårlegare spesielt i oktober og november.

Oslo og Oksøy har spesielt låg autokorrelasjon i juli, noko som er tilfelle også på Røros, figur 3.16d. I Lærdal derimot har juli høge verdiar tilliks med den andre stasjonen på Vestlandet, Utsira. Både i Lærdal og på Røros er verdiane høge på ettersommaren, august og september.

Dei to stasjonane i Nord-Noreg fell inn i eit anna mønster enn dei i Sør-Noreg. Autokorrelasjonen i februar er heller dårleg, men er veksande utover ettervinteren og våren. I Vardø er mai den månaden som har best autokorrelasjon, i Tromsø er det berre august som er betre. Båe stasjonane har spesielt låg autokorrelasjon i februar og november. For Tromsø er ikkje autokorrelasjonen signifikant i dei to månadene.




Figur 3.16 a-g. Autokorrelasjon innfor fire atskilte 30-ars-periodar (punkt) i tidsrommet 1871-1990. Autokorrelasjonen gjennom heile tidsrommet er markert med heildregen line.

Stasjonane som er med:


- a) 1870 Oslo
- b) 3910 Oksøy
- c) 4730 Utsira
- d) 1040 Røros
- e) 5413 Lærdal
- f) 9045 Tromsø
- g) 9855 Vardø

Figurane d) til g) held fram på neste side.




b)

5413 LÆRDAL




e)

9855 VARDØ




g)

1040 RØROS



d)

9045 TROMSØ



f)


3.4 Langtidsvariasjon.

I 1860-åra auka talet på meteorologiske stasjonar monaleg slik at vi frå då av kan seia at dei utgjorde eit landsdekkjande nett. Ved hjelp av data frå dei eldste stasjonane har vi studert perioden 1871-1990 spesielt ved at serien vart delt opp i fire 30-års-periodar, 1871-1900, 1901-30, 1931-60 og 1961-90. Dei tre siste periodane er identiske med offisielle normalperiodar. Autokorrelasjonen vart rekna ut innafor kvar periode. Dermed var det mogleg å studere korleis autokorrelasjonen varierte frå periode til periode i dei lange tidsseriane. Resultata er framstilte på figur 3.16 a-g for sju stasjonar spreidde over heile landet.

Perioden 1871-1900. Det generelle inntrykket er at autokorrelasjonen dei fleste månadene ikkje har store avvik frå langtidsmiddelet. Unntaket er månadene oktober og november der det ikkje finst nokon signifikant autokorrelasjon for nokon av dei sju stasjonane.


Perioden 1901-30. Det spesielle med denne perioden er den låge autokorrelasjonen i vintermånadene frå januar til mars og til dels også april. På Røros til dømes er autokorrelasjonen for februar negativ, medan han ligg opp mot 0,5 for dei tre andre periodane.

For heile landet er autokorrelasjonen spesielt høg i august. På Oksøy fyr ligg han tett oppunder 0,7.



Figur 3.17 Spreiingsplott for temperatur i mars/april på 3910 Oksøy fyr i perioden 1931-1960.

Perioden 1931-60. For alle stasjonane med unntak av Vardø skil autokorrelasjonen seg lite ut frå heile perioden 1871-1990. For Vardø er autokorrelasjonen avgjort lågare enn i langtidsperioden, i resten av landet jamt over litt høgare. For Oksøy fyr er autokorrelasjonen i april 0,8 som er den høgaste registrerte i dei nemnde trettiårsperiodane utan omsyn til stasjon og månad, figur 3.17.



Figur 3.18 Spreiingsplott for temperatur i mars/april på 1040 Røros i perioden 1961-1990.


Perioden 1961-90. Autokorrelasjonen varierer mykje frå månad til månad. For mange av månadene er autokorrelasjon høgre eller lågare enn i dei tre andre periodane.

På Røros finn ein den beste negative korrelasjonen utan omsyn til 30-års-periode og stasjon, $r_{4,3} = -0,15$, figur 3.18. Dei tre kaldaste marsmånadene blir alle følgd av relativt milde aprilmonader. Dette "veg tungt" i autokorrelasjonskoeffisienten. Fjernar ein dei frå materialet, blir det nesten ingen korrelasjon mellom dei to månadene.

I heile Sør-Noreg var autokorrelasjonane i januar og februar spesielt høge. Spesielt låge autokorrelasjonar var det på Vestlandet. I Lærdal får 8 av månadene lågare verdiar i denne perioden enn i nokon av dei tre andre og på Utsira gjeld det same for 4 av månadene.

Røros, 1871-1992. Spreiingsplott som viser samvariasjonen januar-februar er vist på figur 3.19. Tilsvarande spreingsplott er vist på figur 3.20 for kvar av 30-års-periodane. Perioden 1901-1930 skil seg ut medan dei tre andre

periodane har om lag same autokorrelasjons-koeffisient og hellingskoeffisient for regresjonen. Perioden 1901-1930 dreg autokorrelasjonen ned frå om lag 0,5 for dei tre andre periodane til 0,39 for heile perioden 1871-1992. For heile perioden blir også hellingskoeffisienten i spreingsplottet mindre enn for dei tre delperiodane med god korrelasjon. Den dårlege korrelasjonen i perioden 1901-30 har si årsak i dårleg samvariasjon gjennom heile perioden og kan ikkje forklarast ved nokre få ekstreme "slengverdiar".



Figur 3.19 Spreingsplott for temperatur i januar/februar på 1040 Røros i perioden 1871-1992.


Signifikans av variasjonane.

Variasjonane i autokorrelasjons-koeffisientane reiser fundamentale spørsmål. To moglege forklaringar kan vera:


- 1) Variasjonar frå periode til periode kan ha si årsak i variasjonar i klimaet. Desse variasjonane kan i sin tur verke inn på autokorrelasjonskoeffisienten.
- 2) Trass i variasjonar i autokorrelasjonskoeffisienten frå periode til periode høyrer alle periodane med til ein og same populasjon. Skilnadene i autokorrelasjon kan i så fall forklarast ut frå tilfeldige variasjonar.

For å vurdere dette har vi sett på standardavviket til korrelasjonskoeffisienten. I følgje Godske, (1962), er det tilnærma gjeve ved likning (6).

1901-1930 ($r=-0,04$)




1961-90 ($r=0,49$)




1040 RØROS

1871-1900 ($r=0,48$)



1931-1960 ($r=0,46$)



Figur 3.20 Spredningsplott for temperatur, januar/februar på 1040 Røros for fire åtskilde 30-års-periodar.

$$(6) \quad s_r = \frac{1-r^2}{\sqrt{n}}$$

Mellom anna for å bøte på at r er skeivfordelt, er det vanleg å bruke Fischers z -transformasjon, (Moroney, 1974), likning 7.

$$(7) \quad z = 1,15 \log_{10} \frac{1+r}{1-r}$$

Formelen gjeld berre for positive r . For negative r gjennomfører ein transformasjonen ved å sløyfe forteiknet, brukar formelen som om r var positiv og endrar forteiknet til z slik at det blir negativt. Transformasjonen blir dermed symmetrisk omkring 0.

For $r < 0,3$ i talverdi er $z \approx r$. For $r=0,5$ er $z=0,55$ og for $r=0,7$ er $z=0,87$.

Det kan visast at standardavviket i z kan skrivast.

$$(8) \quad s_z = \frac{1}{\sqrt{n-3}}$$

Til å vurdere om differansen mellom korrelasjonskoeffisientar er signifikant, har vi den generelle formelen for standardavviket til ein differans, s_d . Innsett frå likning (8) får ein:

$$(9) \quad s_d = \sqrt{s_1^2 + s_2^2} = \sqrt{\frac{1}{n_1-3} + \frac{1}{n_2-3}}$$

der n_1 og n_2 er talet på observasjonar innafor kvar periode og s_1 og s_2 er standardavviket til z innafor dei same periodane. Etter at Fischer-transformasjonen er brukt innafor kvar av periodane og ved å anta at differansen er normalfordelt, kan signifikansen av differansane lesast direkte ut av normalfordelingskurva.

For $n_1=n_2=30$ får vi av likning (9) at standardavviket i z er 0,27. Autokorrelasjonen i februar på Røros i perioden 1901-30 har vi tidlegare sett var eksepsjonelt låg jamført med dei andre 30-årsperiodane. Ved bruk av z -transformasjonar både i denne perioden og i perioden 1961-90, fann vi at differansen i z hadde eit avvik på 2,1 standardavvik som berre så vidt er signifikant ved nivået 95 %. Enda større differanse finst for same stasjonen i april mellom perioden 1871-1900 og 1961-1990, 2,8 standardavvik frå middelveidien. Dette er signifikant ved nivå opp til 99,6 %.

Vi fann likevel ikkje at vi kunne leggje avgjerande vekt på denne høge signifikansen sidan han vart leita fram i eit materiale som i alt inneheldt 504 moglege differansar i z -

verdi, figurane 3.16 a-g. Dermed er forventningsverdien for minst så signifikante verdier 2 i eit materiale på 500. Figurane viser at det er stor spreing i autokorrelasjonen frå 30-årsperiode til 30-årsperiode. Dette måtte ein også vente om tolkingsmodell 2 var den rette. Sidan vi antar at vi har normalfordeling, vil 4 % av differansane liggje utanom to standardavvik, ($2s=0,54$) frå midlere z-verdi.

Konklusjon. Variasjonen i autokorrelasjon frå 30-årsperiode til 30-årsperiode er ikkje større enn at han kan forklarast ut frå tilfeldige variasjonar. Tretti år er ei for kort tidsperiode til å kunne rekne ut litande autokorrelasjonskoeffisientar.

Vi auka periodelengda til 60 år og jamførte perioden 1871-1930 med 1931-1990. Av formel (9) fann vi at standardavviket i differansen mellom z-verdiar frå dei to periodane er 0,19. Alle autokorrelasjonskoeffisientane innafor dei to periodane vart transformerte for dei 7 stasjonane slik at når vi tok med alle månadene, vart det i alt 84 sett med differansar. Resultata finst i tabell 3.1

Tabell 3.1 Differansar av transformerte korrelasjonskoeffisientar mellom periodane 1871-1930 og 1931-1990. Fordeling talt opp i intervall på eitt standardavvik (s).

Stasjon	$-2s, -s$	$-s, 0$	$0, s$	$1s, 2s$
1040 Røros	2	4	4	2
1870 Oslo	1	5	3	3
3910 Oksøy	3	4	4	1
4730 Utsira	3	4	3	2
5413 Lærdal	1	3	5	3
9045 Tromsø	1	6	3	2
9855 Vardø	0	6	4	2
Sum, tilfelle	11	32	26	15
(%)	13	38	31	18

Tabellen viser at 69 % av differansane i z-verdiane ligg innafor eitt standardavvik. Dette samsvarar svært godt med normalfordelinga (68 %). Innafor 2 standardavvik er alle differansane i tabellen representerte medan normalfordelinga gjev 95 %. Altså inga større spreing av differansane enn det ein kan vente å få om dei var dregne ut av ein og same populasjon. Forklaring 2) ovafor kan brukast for å forklare all spreing av differansane.

Konklusjon. Ved dei statistiske testane som er brukte kan vi ikkje finne at autokorrelasjonen har endra seg i laupet av dei

120 åra som observasjonane dekkjer. Sidan standardavviket i autokorrelasjonskoeffisienten minkar med talet på observasjonar, blir resultatet sikrare di lengre serie som står til rådvelde for utrekning av autokorrelasjon.

4. NEDBØR.

For nedbør er autokorrelasjons-koeffisientar rekna ut for 210 stasjonar med dataserie på meir enn 75 år. Oversyn over stasjonar, midlere årsnedbør, standardavvik, og autokorrelasjons-koeffisientar på månads-, årstids- og års-basis er gjevne i appendiks 1 og 2.

4.1 Geografisk variasjon, 1 tidssteg.

Kartanalyse av autokorrelasjonar for ein skilde månader, årstider og heile år viser at det er godt samsvar mellom korr.koeffisientar på nabostasjonar. Som vist i kapittel 2 er korr.koeff. for dataseriar på over 75 år signifikante på 95% nivå når verdien er høgare enn ca. 0,20 eller lågare enn -0,20.

Figur 4.1-4.3 syner kart der korrelasjonen på månads- eller årstids-basis er høgare enn 0,20 i store delar av landet. Dei andre månader/årstider blir berre kommenterte i teksta. Den aktuelle månaden eller årstida blir korrelert med den førre månaden eller årstida. Dvs. at februar-kartet til dømes syner autokorrelasjonen mellom nedbør i januar og nedbør i februar o.s.b.

Januar, kart figur 4.1a, korrelasjon des./jan. Dei høgaste korr.koeff. ($r \approx 0,30$) finst i Nordland. Korr.koeff. over 0,20 finn ein også i Sør-Troms, Trøndelag og dessutan i midtre og indre strok av Vestlandet. I store delar av Austlandsområdet er korr.koeffisientane negative.

Februar, kart i figur 4.1b, korrelasjon jan./feb. Over mest heile Vestlandet, og i ein sone aust for Oslo, er korr.koeff. høgare enn 0,30, og i ein skilde område også høgare enn 0,45. Berre i indre strok av Austlandet, ved Sørlandskysten, kysten av Trøndelag og Nordland, samt i Troms og Vest-Finnmark er korr.koeff. lågare enn 0,20.

Mars, figur 4.2a, korrelasjon feb./mars. Også i denne månaden har store område på Vestlandet korr.koeff. høgare enn 0,30, og med verdiar på over 0,40 i midtre strok. Korr.koeff. høgare enn 0,20 finst også i grensestroka mot Sverige;- både på Austlandet og i Nordland/Trøndelag.

April, kart i figur 4.2b, korrelasjon mars/april. I ein skilde område i Sogn og Fjordane, Nord-Hedmark, Trøndelag og indre Troms/Finnmark er korr.koeff. høgare enn 0,20-0,30. I resten av landet er det stort sett låge, positive verdiar.

Mai, korrelasjon april/mai. Ikkje ein einaste stasjon i landet har korr.koeff. høgare enn 0,20 i mai. I store delar av landet er korr. koeff. svakt negativ, medan ein skilde stasjonar i grenseområdet mellom Nordland og Troms har korr.koeff. lågare enn -0,20. Det vil seia at det er ein svak tendens til at det ved mykje nedbør i april blir lite nedbør i mai, og omvendt.



Figur 4.1 Autokorrelasjonskoeffisient for nedbør i
a). desember/januar og b). januar/februar.



Figur 4.2 Autokorrelasjonskoeffisient for nedbør i
a) . februar/mars og b) . mars/april

Juni, korrelasjon mai/juni. Dei fleste stasjonane i indre strok av Troms og Finnmark har korr.koeff. over 0,20. I mesteparten av landet elles er korr.koeffisientane svakt negative, men med verdiar mellom -0,10 og -0,20 i mindre område i sørlege strok av Austlandet.

Juli, korrelasjon juni/juli. Korr.koeffisientane er låge over heile landet. Berre tre stasjonar har $r > 0,20$, medan to stasjonar har $r < -0,20$. I Nord-Noreg og ved kysten av Austlandet og dessutan den sørlege delen av Rogaland/Hordaland er det svakt negative verdiar.

August, korrelasjon juli/aug. Ved nokre få stasjonar i nordre del av Nordland og indre strok av Finnmark er korr.koeff. i intervallet 0,20-0,30. I resten av landet er korr.koeff. låge. I dei tre Vestlandsfylka er korr.koeff. for det meste svakt negativ.

September, korrelasjon aug./sept. Også i denne månaden er autokorrelasjonen låg over heile landet. I Nord-Noreg er korrelasjonen dei fleste stadene svakt positiv, medan han i mesteparten av Sør-Noreg er svakt negativ. I Østfold og søraustlege del av Akershus ligg korr.koeff. mellom -0,10 og -0,20.

Oktober, korrelasjon sept./okt. Dette er enda ein måned med låge autokorrelasjonar over heile landet. På Finnmarkskysten er korr.koeff. negativ (mellom -0,10 og -0,32). I indre strok av Agder og i stroka omkring Røros har einiskilde stasjonar korr.koeff. mellom 0,20 og 0,26. I midtre strok av Sogn og Fjordane og indre strok av Nord-Trøndelag / Nordland er korrelasjonen svakt negativ. I resten av landet er korr.koeff. for det meste svakt positiv.


November, korrelasjon okt./nov. I mindre område i Buskerud, nedre Telemark, Nordhordland / Sogn og Fjordane, Trøndelag, Nordland, Lofoten / Sør-Troms og Finnmark er det stasjonar med korr.koeff. mellom 0,20 og 0,30. I resten av landet er korr.koeff. svakt positiv med unntak av indre Agder der han er svakt negativ.

Desember, korrelasjon nov./des. Lengst aust på Austlandet og ved somme stasjonar på kysten av Vest-Noreg og i Troms/ Finnmark ligg korr.koeff. i intervallet 0,20-0,30. Men i hovudsak er det låge, positive verdiar over mesteparten av landet.

Årstider eller år brukt som tidssteg:

Likning (1) i kapittel 2 kan også brukast når det gjeld årstider. Einaste skilnaden er då at j er indeks for årstider i staden for månader.

I dataprogrammet vart året delt inn i fire årstider, januar-mars, april-mai, juni-august og september-desember.



a) . (september-deseember)/(januar-mars)

b) . (januar-mars)/april-mai

Figur 4.3

Autokorrelasjonskoeffisient for nedbør i
 a) . (september-deseember)/(januar-mars) og
 b) . (januar-mars)/april-mai

Januar-mars, kart figur 4.3a, korrelasjon sep.-des./jan.-mars. Over store delar av Austlandet er korr.koeff. i intervallet 0,20-0,32. I heile Nord-Noreg er korr.koeff. positiv, og ved einsskilte stasjonar høgare enn 0,20. I mesteparten av Vest-Noreg er korr.koeff. negativ.

April-mai, kart figur 4.3b, korrelasjon jan.-mars/april-mai. I det meste av Vest-Noreg, Agder, Trøndelag og Nordland er korr.koeff. høgare enn 0,20. I midtre strok av Sogn og Fjordane har fleire stasjonar korr.koeff. på over 0,40. Høgast verdi har 5711 Osland ved Stongfjorden med 0,49 og 5768 Eikefjord med 0,45. Over Austlandet, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark er korr.koeff. for det meste svakt positiv.

Juni-august, korrelasjon april-mai/juni-aug. Berre tre einsskildstasjonar har korr.koeff. høgare enn 0,20. I mesteparten av Sør-Noreg er autokorrelasjonen svakt negativ, men i indre strok av Møre og Romsdal har tre stasjonar korr.koeff. lågare enn -0,22. Lågast verdi har 6030 Tafjord med $r=-0,30$. I størsteparten av Nord-Noreg er korr.koeff. svakt positiv.

September-desember, korrelasjon juni-aug./sept.-des. Berre på Finnmarksvidda og i midtre strok av Nordland er det nokre få stasjonar som har korr.koeff. høgare enn 0,20. I Sør-Noreg er autokorrelasjonen for det meste svakt negativ, medan han i Nord-Noreg er svakt positiv.

Årsverdiar, korrelasjon med året før. Ved eit fåtal stasjonar spreidde over heile landet er korr.koeff. høgare enn 0,20. På Jæren, og i midtre og indre strok av Møre og Trøndelag er korrelasjonane svakt negative. Men elles i landet er korr.koeff. for det meste svakt positive. Dvs. at det jamt over er liten samanheng mellom nedbørsommar i etterfølgjande år.

Oppsummering. For dei fleste månader/årstider er det låge autokorrelasjonar over heile landet. Berre for januar, februar, mars, april og for årstidene januar-mars og april-juni er det større område med korr.koeff. høgare enn 0,20-0,30. Korr.koeffisientar på over 0,40 i samanhengande område finst berre i einsskilte strok på Vestlandet i februar, mars og årstida april-juni. Sjølv om ein korrelasjonskoeffisient på 0,40 kan synast høg og indikerer ein klårt signifikant samanheng, er det verdt å merke seg at ein korrelasjonskoeffisient på denne storleiken berre forklarar ca. 16% av variansen i nedbørsommane.


4.2 Geografisk variasjon, 2 tidssteg eller meir.

I autokorrelasjons-programmet vart det rekna ut korrelasjonar for opptil 5 tidssteg. Dvs. at nedbøren i t.d. juni vart korrelert med nedbøren i mai (1 tidssteg), april (2), mars (3), februar (4) og januar (5). I kapittel 4.1 vart det vist at det for 1 tidssteg i dei fleste månader eller årstider berre i unntakstilfelle fanst større

område med signifikant korrelasjon med føregående måned / årstid. I det fylgjande skal vi sjå på tilfelle der autokorrelasjonen er signifikant på 90% nivået for meir enn 1 tidssteg.

Som nemnt fleire stader ovafor, kan sjølv "signifikante" korrelasjonskoeffisientar ha si årsak i slumpehøve, og endatil korrelasjonskoeffisientar på 0,2-0,3 forklårar berre 5-10 % av variansen i nedbøren. Det må difor nok ein gong átvarast mot å draga vidtgåande slutningar av dei "signifikante" korrelasjonane som blir nemnde utover i dette kapitlet. Dei fleste korrelasjonane for meir enn 1 tidssteg har truleg større "nytteverdi" hjå lokale værspåarar enn t.d. hjå driftspersonale på vasskraftverk!

Januar. I Austlandsområdet vest for Oslofjorden og like vest til Kristiansand er det positiv korrelasjon for 4 tidssteg attende, dvs. med nedbøren i september. For mange stasjonar er korrelasjonskoeffisienten høgare enn 0,30. I det same området er det også på dei fleste stasjonane ein negativ korrelasjon for 5 tidssteg, dvs. mellom nedbør i januar og august ! Figur 4.4 syner døme på spreingsplott mellom januar-nedbøren og nedbøren i september og august året før for ein stasjon i dette området (2295 Nord-Aurdal). I Rogaland og Hordaland er det derimot positiv korrelasjon mellom nedbøren i januar og august.



Figur 4.4 Spreingsplott for månadsnedbør ved 2295 Nord-Aurdal i perioden 1895-1992
 a). januar/august ($r=-0.23$)
 b). januar/september ($r=0.43$)

Februar. Det er stort sett låge korrelasjonar for alle tidssteg, men for eit titals stasjonar i Nord-Trøndelag og Nordland er det positiv korrelasjon for 5 tidssteg, dvs. med nedbøren i september førre året.

Mars. For stasjonane i Ryfylke er det positiv korrelasjon for 2 tidssteg, dvs. med nedbøren i januar. For dei fleste andre stasjonar er det ikkje signifikante korrelasjonar.

April. For spreidde stasjonar i Austlandsområdet er det positive korrelasjonar for 3 tidssteg. For Vestlandskysten frå Jæren til Stadt og i Nord-Trøndelag er det positiv korrelasjon for 2 tidssteg, dvs. med nedbøren i februar. For mange stasjonar i Sogn og Fjordane er korrelasjonskoeffisienten for 2 tidssteg høgare enn 0,30.

Mai. For dei fleste stasjonane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er det positiv korrelasjon for 2 tidssteg. I Sunnhordland er denne korrelasjonen endatil høgare enn 0,30. I Sogn og Fjordane har også mange stasjonar positive korrelasjonar for 3 og 4 tidssteg, dvs. med nedbøren i februar og januar. I Nord-Trøndelag og Nordland er det også somme stasjonar med positiv korrelasjon for 3 tidssteg.

Juni. Berre for ein skilde, spreidde stasjonar er det signifikante korrelasjonar for meir enn 1 tidssteg. Men for 7 stasjonar i Østfold og søraustlege del av Hedmark er det negativ korrelasjon for 2 tidssteg, dvs. med nedbøren i april.

